

1.

Oppbrot frå Neuengamme.

Det var fleire av nordmennene som hadde fått sjukeattest hjå dei svenske lækjarane som vitja leiren, og det såg ut til at tyskarane var glade over at dei vart kvitt fangane. Ein dag skulde dei sjuke og halvsvoltne evakuerast. Svenskebilane skulde frakte dei til jernbanestasjonen. Kvar dei vart av? Truleg vart dei førde til Lübeck, og sende ombord i nokre skip som låg der. Dei fleste av dei kom vekk då dei allierte bombde Lübeck. Eg melde meg til lækjaransøking og oge ein dag, og dei svenske doktorane såg på meg - eg klaga over dårleg hjarta. Kva skal me skrive opp sa dei eine, Det vart oppskrive eit latinsk namn på sjukdomen, og eg fekk ordre til å møte til transport neste dag. Men den dagen då eg stod oppstelt med alt mitt pikk og pakk saman med ei sneis andre vart det kontraordre: Slutt med sjuketransportane. Om kvelden fekk me greide på at heile leiren skulde evakuerast dagen etter. Og Dei allierte var komne so nær Neuengamme, at me når som helst kunde kome i eldlinja. Det hadde vore ein febrilsk verksemd i blandt tyskarane dagen før. Soldatar kor og gjekk, og det var mykje fyll. Dei fleste gjekk vonbrotne kring og virra, so det var skjøneleg at no var undergangen nær. Og om morgonen stod det ei rekkje danske bilar, reide til å føre oss ut or Leiren. Me fekk ikkje ta med oss meir enn me kunde støppe i Lomma. All bagasje skulde fraktast etterpå. Det var stor stas, me skjønnte at no kom me endeleg til Danmark, og då var me næsta fri. Eg kom inn i ei kjølevogn for fisk, ja det var ikkje kjøleaggregat i henne. Me kunde sjå ut under ein presenning som var hengd ned frå taket. Det var full vår endå datoen var 20 april. Kirsebærtrea stod i blom, og bøken hadde små blad. Me køyrde framom den tette bustaden utanfor Hamburg med det ein huset etter det andre, tettbygd, og dei fleste huse var uskadde - So bar det oppover ein gränd, og me kom inn på den Holsteinske sletta Her låg den eine store garden etter den andre - det såg ikkje ut til at folk

21.

budde i landsbyar her, og her og der var det meir tettbygd, men ikkje nokon større byar. Det var berre danskar som kørde og ein av nordmennen gjekk bort til ein høg staut mann som han meinte måtte vere transportfører og bad om at han vilde skrive namnet sitt i ei bok han hadde. Ja det fekk han, og stor var undringa då han såg namnet Georg, prins af Danmark. Me kunde skjønne at dei heldt skarpt utkik etter fly. Bilane hadde alle Raudekross merke, men me kunde ikkje vere trygge. Ein stød stod det ei oljetankvogn, og dei tykte vi at dei kom i godt selskap, og tok plass midt inne i kolonnen vår. Dette var ikkje meininga, og straks stogga heile kolonnen, Me vart kommanderte ut or bussane og vart ståande og sjå på det tyske landskapet. Dersom det kom fly skulde me kaste oss ned i eit gjel som det rann ein liten bekk gjenom. Me var straks omringa av tyske ungar som bad og tigga. Men med eitt hørde me eit signal, og ungane for då og gøynde seg nett som nokre harar. Det var flyallarm me hørde. Den tyske oljetankvogna vart kommandert ut or kolonnen, og kørde vidare. Og so kom det ei seks sju fly austanfrå. Dei var noko nordlegare enn me og dei skaut, Me såg at det brann på 2 stader. Det såg ikkje ut til at dei møtte nokon motstand. Etter me hadde rasta ein times tid kørde me vidare, og kven andre råka me att enn nett oljetankvogna. Ho stod på den eine vegbarden, og hadde fått eit stor hol i tanken, og or det holet stod elden høgt. Det var so varmt at det måtte vere fråleg å køyre forbi. Litt lenger framme kørde me forbi eit hus som låg like ve vegen, og som var heilt nedbrent. Det stod ein del menn og kvinner der, med sorg og vonløyse i augo, so det er rimeleg at det hadde gått ned menneskeliv og. No gjekk det radigt heile dagen Her dyrkar dei ugras var det ein som sa då me kørde farmom ein stor åker. Eg kunde ikkje skjønne anna enn at det var bogkveite i den åkeren, men det såg ut som syrestilk alt saman .

Lubeck kørde me midt i gjenom, og me såg litt av den berømte kyrkja der. Byen var ikkje so mykje skadd. Onnorleis såg det ut når me kor til Kiel. Me såg øydeleggjinga utanfor byen. Husa stod utan tak og vidaugo, og halvt nedbleesne eller

3

nedbrende. Og i sjølve byen var det ikkje anna enn øydelagde hus. På  
hamna låg båtane nedsøkte med mæster på skeiv, og krabene på land stod  
og halla ei til kvar kant. Me såg ikkje meir enn 1 mann i heile byen.

Det vart kveld. I myrkninga kørde me gjennom ein ny større  
by, som eg trudde var Flensburg. Men det var so langt att til grensa at  
Flensburg kunde det ikkje vere. Truleg var det Eckernførde. Der urde det  
av tyske orlogssjøfolk. Det såg ut som dei hadde teke eeg heilt fri.  
Ein av dei kikka opp i vogna vår, og vilde vite kva slag folk me var  
Eg svara at me var politiske fangar på veg frå Tyskland og heimatt til  
Noreg og det såg ut til at han var velnøgd med. Det var no og eit merke  
på at snart måtte det vere slutt. So bar det gjennom Flensburg, og  
straks etter var me ved grensa. Der vart det stogg Det var svart av danske  
alle stader, dei hadde møtt opp for å ta imot sine fangar. Og det var  
fleire som hadde funne sine. " Er her noen frå Randers? Er det sønder-  
jyder her? Er her københavnere? " Me måtte seie at her var det berre  
nordmenn. "Ja det er det samme : Velkommen hjem." Dei storma inn i  
vognene , helst kvinnene omfamna oss, og eg såg at eldre adstødigje kvinner  
som sikkert var gifte og hadde born, kysste vilt framande. Ei slik motta-  
king var verd to års fangenskap. Me vart motteken som seierherrar.

I Kruså skulde me få mjølk og lapskaus av Danske Røde Kors..  
Det gjekk ikkje noko vidare snøgt tykte eg, Me stod ute og venta over  
ein time, og det såg ut til at me var heilt gløynde, men til slutt kom  
det nokre damer med spann og talerkar, so næut me maten ute i det fri.

Me hadde som vakt ein gamal østterriker, og for han kunde me  
gjær kva me vilde, Om me hadde stukke av so hadde han sikkert lete att  
augo. Då me ut på natta vart innlosjerte i ei brakke full av halm, var  
det ein som for ikring og grov i Halmen han skulde ha talet på oss.

Men då sa vår østterriker: Hald opp med dette, dei rømer ikkje no